



Sogn og Fjordane Fylkeskommune  
Askedalen 2  
6863 LEIKANGER

Vår ref.  
17/933-3

Dykkar ref.

Sakshandsamar  
Alf Olsen jr

Direktenr

Arkiv

Dato:  
18.12.2017

## Omstillingsprogrammet i Lærdal – søknad om omstillingsmidlar for 2018

Lærdal kommune fekk status som omstillingskommune hausten 2012, i samarbeid med Årdal kommune. Dei første omstillingsløyvingane gjaldt oppstart i 2012 og omstillingsarbeidet i 2013. I februar 2014 fekk Lærdal kommune forlenga omstillingsstatus for åra 2014 og 2015, ref. brev datert 10.02.2014. I februar 2016 gav Sogn og Fjordane fylkeskommune omstillingsstatus til Lærdal kommune for 2016, 2017 og 2018, ref. brev datert 22.02.2016.

Med bakgrunn i vedlagt handlingsplan for 2018, søker Lærdal kommune om kr 3,750 mill. i omstillingsmidlar for 2018. Vi søker i tillegg om overføring av til no unytta omstillingsmidlar, totalt om lag kr 950 000. Sum til overføring er ein førebels prognose, inntil prosjektrekneskapen for 2017 vert avslutta.

Handlingsplanen for 2018 er forankra i den overordna utviklingsplanen for omstillingsarbeidet i Lærdal. Den vart revidert hausten 2015 for å tilpassa den til ei meir spissa satsing enn det som var tilfelle dei tre første omstillingsåra. For detaljar vert synt til omstillingsplanen som vart sendt inn saman med søknad om omstillingsmidlar for 2016.

Den opphavlege utviklingsplanen hadde eit tidsperspektiv 2013 – 2017. I samband med omstillingsløyvinga for 2016 fekk Lærdal kommune utvida omstillingsperioden til ut 2018. Det betyr at Lærdal no skal i gang med det siste året med omstillingsarbeid. Handlingsplanen for 2018 føl opp dei strategiane og satsingane som det har vore jobba med dei siste åra, med utvikling av Håbakken Næringspark og tettstadutviklingsarbeidet for Lærdalsøyri som prioriterte hovudoppgåver. Handlingsplanen baserer seg også på programstatusvurderinga i 2017 og omstillingsstyret sitt strategiarbeid i haust.

Omstillingsprogrammet i Lærdal skal i løpet av 2018 finna ein tenleg modell for vidareføring av omstillingsarbeidet, og korleis ein kan få varig effekt av dei erfaringane og den kompetansen som er bygd opp i omstillingsperioden. Sentralt i dette arbeidet er Tataki-prosjektet, som er nærmare omtala i handlingsplanen.

I tillegg til omtale av prosjekt og satstingar for 2018, så skildrar handlingsplanen også status og utfordringar i omstillingsarbeidet i Lærdal.

Med helsing

Jan Geir Solheim  
ordførar  
Alf Olsen jr  
rådmann

Alf Olsen jr.  
rådmann

Arve Tokvam  
prosjektleiar

**Vedlegg:**

**Dok.datø**  
18.12.2017

**Tittel**  
Handlingsplan 2018 for  
omstillingsprogrammet i  
Lærdal

**Dok.ID**  
133819